

KOMM. OG REG. SAK
04/ 14 FEB 2005
04/ 2771-223
013
RA / SSA / 1746

KS Møre og Romsdal, 6400 Molde  
Kommunal- og regionaldepartementet, Postboks 8112 Dep., 0032 Oslo

Saksnr.	Løpenr.	Arkivkode	Saksbehandler	Tlf.	Deres ref.	Sunndalsøra,
04/02552	001427/05	110	Harriet Berntsen	71 69 90 02		11.02.2005

**NOU 2004: "LIVSKRAFTIGE DISTRIKTER OG REGIONER" og  
KOU:1"STERKE REGIONER - FORSLAG TIL NY  
REGIONINDELING AV NORGE" - høringsuttalelse**

Sunndal kommunestyre har i møte 09.02.2005, sak 0007/05 vedtatt slik uttale:

- 1. Endring i region – og kommunestrukturen må ha som klart siktemål å styrke demokratiet på disse nivåa. Dette må sikrast med tilbakeføring av politisk makt og økonomiske midlar frå statlege styringsorgan og embetsverk til regionar og kommunar.*
- 2. Endring i region- og kommunestrukturen må sjåast i samheng. Ein 2-nivåmodell med berre stat og kommune vil kreve ei radikal endring i kommunestrukturen til større kommunar enn i dag, for å sikre kommunalt sjølvstyre. Dette for å unngå demokratisk svake kommunar og ein sentralstyrt stat som resultat.  
Ein 3- nivåmodell kan ivareta prinsippa om demokratisk styre på regionalt- og kommunalt nivå utan omdanning til "regionkommunar", kommunar med lang større geografisk omfang enn i dag.*
- 3. Sunndal kommunestyre vil på bakgrunn av dette tilrå at den framtidige forvaltningsstrukturen blir ein 3-nivåmodell. Ein 3-nivåmodell vil innebere eit mellom-nivå mellom kommune og stat. Dette kan være fylkene som i dag, eller større regionar med fleire oppgaver enn fylkeskommunen har i dag.*
- 4. Møre og Romsdal fylke gjennomfører no eit forsøk med "Einskapsfylket". Der dei fleste oppgåver som staten tidlegare har hatt ansvaret for, gjennom Fylkesmannen, er overteke av fylket. Dette forsøket bør videreførast gjennom overføring av nye statlege oppgåver til fylket. Ei slik overføring av statleg makt til regionnivået er viktig. For Møre og Romsdal bør det ikkje gjerast endringar i regionstrukturen før forsøket er fullført.*

5. *Dersom Stortinget likevel vedtek ei ordning med få regionar, eller om det blir gjort andre vesentlege endringar i grensene for Møre og Romsdal fylke, finn kommunestyre det naturleg at Sunndal da blir ein del av ein framtidig region omfattande Nord- og Sør-Trøndelag, Nordmøre og Romsdal.*
  
6. *Sunndal kommunestyre vil i seinare møte kome tilbake til framtidig kommunestruktur, der mellom anna eit alternativ med forpliktande samarbeid mellom kommunar innafor dagens kommunestruktur vil bli vurdert som alternativ til kommunesamanslåingar. Dette samarbeidet kan skje som ei utviding og samordning av alt eksisterande samarbeid. Dette samarbeidet kan til dømes omfatte kommunane Oppdal – Rennebu – Sunndal – Nesset - Tingvoll – Surnadal – Halså – Rindal , i ein utvida bu- og arbeidsmarknads-region.”*

Harriet Berntsen  
rådgiver